



Møtereferat

Møte i prosjektgruppa identitet og symbol

| | | | |
|------------------|------------|------------------|--------------|
| Møtedato: | 11.01.2018 | Møtestad: | Førde rådhus |
|------------------|------------|------------------|--------------|

| Møtt | Ikkje møtt |
|---|---|
| <ul style="list-style-type: none">Anita Eide Kvamme(leiar av gruppa)Erlend HerstadSølvi Iren SøgnerAnne Margrethe FrimannslundSvein ÅrdalsbakkeJudith KapstadAnette Sollid(prosjektsekretariat) | <ul style="list-style-type: none">Håkon MyrvangMathias RåheimJakob Andre Sandal |

| | | | |
|-------------------|--------------------------|----------------------|----------------------|
| Møteleiar: | Anita Eide Kvamme | Møtereferent: | Anette Sollid |
|-------------------|--------------------------|----------------------|----------------------|

| Sak nr. | Sakstittel, omtale og konklusjon | Ansvar | Frist |
|---------|---|-----------------|-------------|
| 1 | Presentasjon Alle presenterte seg kort, og sa litt om motivasjon for å vere med i prosjektet. God motivasjon i gruppa. | | |
| 2 | Faglig påfyll Ønskje om ein fagdag med tema knytt til heraldikk og identitetsskapande arbeid. Prosjektsekretariat vil lage eit faglig innhald til ei samling i samråd med prosjektleiar. Aktuelt å nytte 12.februar, då denne datoen alt er reservert. Kjem tilbake til dato. | Anette og Anita | Vinter 2018 |
| 3 | Prosess kommunevåpen Snakka rundt aktuell prosess i arbeidet med kommunevåpen. Gruppa er opptatt av at det er viktig å involvere innbyggjarane. Gruppa ser også behov for å bruke profesjonelle aktørar i dette arbeidet. Gruppa vil kome tilbake til korleis legge opp prosessen i møter etter fagdag. | | |
| 4 | Kartlegging av identitet Det vart kort snakka litt om ein skal kartlegge identiteten i kommunane som ein del av arbeidet. Dette vurderer gruppa at kan vere aktuelt, men vil kome tilbake til det i planane som vert lagt etter fagdag. | | |

| | | | |
|---|--|--|--|
| 5 | <p>Prosjektorganisering</p> <p>Drøfta om prosjektet skulle opprette to delprosjekt; identitet og heraldikk i kvar sitt. Det er ønskje om å vere ei gruppe, og ikkje dele opp i delprosjekt. Det er aktuelt å fordele oppgåver i gruppa når aktivitetsplan er laga. Detaljar rundt dette kjem ein tilbake til i arbeidet med prosjektdirektiv etter fagdag.</p> | | |
| 6 | <p>Mål med prosjektet</p> <p>Hovudmål(effekt mål) for prosjektet vart drøfta kort. Målet skal seie noko om kva ein vil oppnå med arbeidet. «<i>Ein samla og sterk identitet for den nye kommunen</i>» vart nemnt. Mål vart ikkje bestemt, og heller ikkje drøfta inngåande. Gruppa tenkjer at det er ikkje slik at ein identitet er endelig og på plass i 2020 – dette er ein prosess. Dette er eit arbeid som gruppa vil sette i gong, men som vil vere eit kontinuerlig arbeid for den nye kommunen i framtida. Mål vil ein lande etter fagdag.</p> | | |
| 7 | <p>Grafisk profil</p> <p>Det vart snakka kort om grafisk profil skal vere ein del av prosjektet. Delte meiningar i gruppa. I utgangspunktet er grafisk profil ikkje definert som ein del av prosjektet, men gruppa tenkjer at det kan vere det. Litt usikkerhet nett nok kvar avgrensingane til prosjektet skal gå. Kjem tilbake til dette også etter fagdag.</p> | | |
| | <p>Involvering av innbyggjarar</p> <p>Gruppa er opptatt av at de er svært viktig å engasjere folket. Ein må involvere på ulike stadium. Erfaringsmessig så kjem ofte engasjement i siste fase. Viktig å legge opp prosessen slik at det er høve til å engasjere seg på eit stadium der høvet til medverknad er størst.</p> | | |
| 8 | <p>Møteplan</p> <p>Det vart meldt inn ønske om å få laga ein møteplan for våren. Møtefrekvens vart drøfta. Gruppa ser føre seg noko meir intensivt arbeid i starten. Ønskjer ikkje møter som strekkjer eg over heile dagar. Helst ikkje føremiddag kom det innspel om. Ønakjer at møtene tek til etter fagdag. Det betyr at det planlagte møte 31.januar går ut for denne gruppa.</p> | | |
| 9 | <p>Informasjonsflyt i gruppa</p> <p>For å sikre at medlemmane i gruppa får informasjonen som vert sendt ut på epostar dei nyttar, så tok vi ei rudne på kva epost som det er ønskje å motta informasjon på for arbeidet i gruppa.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Anita Eide Kvamme anita.eide.kvamme@gaular.kommune.no • Erlend Herstad erlendherstad@icloud.com • Sølvi Irene Søgner solvi.irene.sogner@forde.kommune.no • Anne Margrethe Frimannslund frimanns@online.no • Svein Årdalsbakke ms@aardalsbakke.no • Judith Kapstad judkap@online.no • Håkon Myrvang hakon.myrvang@naustdal.kommune.no • Mathias Råheim mathias.raheim@gaular.kommune.no • Jakob Andre Sandal jasandal@gmail.com | | |

| | | | |
|----|---|--|--|
| | (Dei tre siste var ikkje tilstades. Dette er epostadressene som er registrert på dei.) | | |
| 10 | <p>Plan framover</p> <ul style="list-style-type: none"> • Planlegge og gjennomføre fagdag • Lage møteplan med tettare møter i starten • Ferdigstille prosjektdirektiv i løp av dei første møtene • Ta til med arbeidet i samsvar med aktivitetsplan som er laga i prosjektdirektivet | | |

Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending:

anette.sollid@jolster.kommune.no